
Saksnr: 2020/54915-19
Saksbehandlar: Åge Avedal
Dato: 18.12.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektøren

Tilskot til regionale ungdomsparti 2020

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok å etablere ei tilskotsordning for regionale partipolitiske organisasjonar i møte 4. juni 2020. Hovudutvalet vedtok retningslinjer for ordninga i same møtet, og det vart sett av 400 000 kr i 2020 frå budsjettposten «Tilskot til barne- og ungdomsføremål».

Fylkeskommunen sendte ut e-post med brev og informasjon om tilskotsordninga til alle ungdomspartia 24. juli 2020. E-postane vart sendt til ungdomspartia basert på kontaktinformasjon på ungdomspartia sine nettsider. Ved søknadsfristen 1. oktober 2020 var det kome inn søknader frå fire regionale ungdomsparti, Vestland Senterungdom, Vestland Unge Venstre, AUF i Vestland og Vestland Unge Høgre.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i sak 154/2020 at fylkeskommunen skulle sende ny e-post med informasjon om tilskotsordninga til dei fem politiske ungdomsorganisasjonane som ikkje hadde søkt innan fristen, med ny søknadsfrist 1. desember 2020. Ny e-post vart sendt ut til dei fem ungdomspartia 13. november, basert på kontaktinformasjon om ungdomspartia frå nett.

Ved ny søknadsfrist 1. desember 2020 har også Kristeleg Folkeparti Ungdom Vestland, Sosialistisk Ungdom Vestland og Grøn Ungdom Vestland søkt på tilskotsordninga.

Hovudutvalet har vedtatt at midlane i ordninga skal fordelast ved administrativt vedtak i samsvar med vedtekne retningslinjer. Fylkesdirektøren har fordelt i alt 329 966 kr til dei sju ungdomspartia som stettar krava i ordninga. Det er to ungdomsparti som ikkje har søkt om tilskot via ordninga i 2020, og det står igjen 70 034 kr som ikkje er fordelt i 2020.

Utrekninga av tilskot kjem fram i følgjande tabell:

	Grunnbeløp	Valresultat	Sum prosent	Justert prosent	Rest til fordeling i kroner	Tilskot fordelt på valresultat	Tilskot	Merknad
AUF	20 000	20,40 %	87,90 %	23,21 %	220 000	51 058	71 058	Stettar krava
Unge Høgre	20 000	17,90 %	87,90 %	20,36 %	220 000	44 801	64 801	Stettar krava
Senterungdommen	20 000	15,70 %	87,90 %	17,86 %	220 000	39 295	59 295	Stettar krava
Unge Venstre	20 000	3,50 %	87,90 %	3,98 %	220 000	8 760	28 760	Stettar krava

Sosialistisk ungdom	20 000	6,40 %	87,90 %	7,28 %	220 000	16 018	36 018	Stettar krava
KRFU	20 000	4,90 %	87,90 %	5,57 %	220 000	12 264	32 264	Stettar krava
Grøn ungdom	20 000	7,10 %	87,90 %	8,08 %	220 000	17 770	37 770	Stettar krava
						Sum	329 966	
<i>FPU</i>	<i>20 000</i>	<i>8,60 %</i>	<i>87,90 %</i>	<i>9,78 %</i>	<i>220 000</i>	<i>21 524</i>	<i>41 524</i>	<i>Ikkje levert søknad</i>
<i>Raud Ungdom</i>	<i>20 000</i>	<i>3,40 %</i>	<i>87,90 %</i>	<i>3,87 %</i>	<i>220 000</i>	<i>8 510</i>	<i>28 510</i>	<i>Ikkje levert søknad</i>
						Sum	70 034	
Sum	180 000	87,90 %		100 %		220 000	400 000	

I tabellen vert summen av valresultatet 87,9 fordi dei resterande partia som fekk stemmer ved fylkestingvalet ikkje er med i utrekninga. Dette fordi dei ikkje har ungdomsorganisasjon og/eller ikkje er medlem av sitjande fylkesting. Desse er:

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar (9 %)
Pensjonistpartiet (1,10 %)
Andre (2 %)

Vedlegg

- 1 Tilskot til regionale ungdomsparti - utvida søknadsfrist
- 2 Informasjonsbrev, tilskot regionale ungdomsparti 2020
- 3 Retningslinjer tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar - vedtatt 4.6.2020